



Folgefonna
nasjonalparkstyre

Møteprotokoll

Utval: Folgefonna nasjonalparkstyre

Møtestad: Rosendal Fjordhotell

Dato: 02.12.2022

Tidspunkt: 10:30 - 13:00

Følgjande faste medlemmer møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Sigrid Brattabø Handegard	Medlem	Vestland fylkeskommune
Jarle Vangen	Medlem	Ullensvang kommune

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Hilde Enstad	Medlem	Kvinnherad kommune
Mette Heidi Bergsvåg Eikreim	Medlem	Etne kommune

Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Leif Sverre Enes	Hilde Enstad	Kvinnherad kommune

Merknader:

Rune Mikkelsen møtte som representant for Statens Naturoppsyn
Styreleiar og Leif Sverre Enes godkjenner protokollen elektronisk

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Sigrid Brattabø Handegard

Leif Sverre Enes

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 41/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 42/22	Val av styremedlem til å skrive under protokollen		
ST 43/22	Framlegg - Bygge platting foran hytte - Folgefonna nasjonalpark - sæterhytte - 62/1-2 - Tveitnessætra - Mauranger		2020/12904
ST 44/22	Framlegg - Søknad om å løyve til tiltak knytt til restaurering av stølsbu i Vierdal - Folgefonna nasjonalparkstyre		2022/11690
ST 45/22	Søknad om midlar til drift av Folgefonna nasjonalparkstyre - 2023		2022/107
ST 46/22	Søknad om tiltaksmidler for 2023 - Folgefonna nasjonalparkstyre		2022/107
ST 47/22	Planlegging av oppsyn frå Statens naturoppsyn for 2023 - Folgefonna nasjonalparkstyre - 2022		2022/107
ST 48/22	Referatsaker		
RS 11/22	Underretning om henleggelse av sak - Brot på verneforskrifta for Folgefonna nasjonalpark		2020/13959
RS 12/22	Orientering -ber om - utsett klagefrist løyve - nydyrking - Hattebergdalen landskapsvernområde		2020/12839
RS 13/22	Kopi - Varsel - vurdering - omgjøring - vedtak om nydyrking - Folgefonna nasjonalpark - nydyrking - Kvinnherad - 87/12 - Hattebergdalen		2020/12839
RS 14/22	Rammer og opplegg for statsforvalteren og verneområdestyrer - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder, naturrestaurering og SNO-ressurser i verneområder - 2023		2022/107
ST 49/22	Delegerte saker		
DS 26/22	Utvida løyve til 2023 - Søknad - motorferdsel - helikopter - Prestavatnet - Gunn Skaale - Hattebergdalen landskapsvernområde		2021/4333
DS 27/22	Vedtak - vedtak 2022 - Folgefonna nasjonalpark - motorferdsel - ATV - hjort - Ænesdalen - Nyskre - Hestabotnen - Per Magne Enes		2021/13019

ST 41/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

Vedtak

Innkalling og dagsorden vart samrøystes godkjent

ST 42/22 Val av styremedlem til å skrive under protokollen

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

Vedtak

Styreleiar skriv under protokollen saman med Leif Sverre Enes

ST 43/22 Framlegg - Bygge platting foran hytte - Folgefonna nasjonalpark - sæterhytte - 62/1-2 - Tveitnessætra - Mauranger

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.12.2022

Handsaming i møte


Forvaltar orienterte om saksgong og henlegging av anmeldelse av byggetiltaket på Tveitnessetra. Styret viser til tidlegare vurderingar om at hytta bør målast i ein mørkare farge så han er i tråd med innsendte byggeteikningar.

Vedtak

Med heimel i Forskrift om vern av Folgefonna nasjonalpark § 3 punkt 1.3 b), gjev Folgefonna nasjonalparkstyre Ronny Kroka løyve til oppføring av trapp og platting på Tveitnessetra – Furebergsdalen.

For løyve gjeld følgande vilkår:

- Hytta skal malast ein farge i tråd med teikningar i byggjeløyve datert 05.10.2020 (sjå vedlagte byggeteikningar)
- Trapp og platting skal ikkje overstige eit areal på 3 meter langt og 2 meter breidde, pluss trapp.
- Plattinga skal følgje høgda på hytta.
- Byggeavfall skal vera rydda og fjerna innan 1. desember 2023



Vest

Nord

ST 44/22 Framlegg - Søknad om å løyve til tiltak knytt til restaurering av stølsbu i Vierdal - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

Habilitet: Jarle Vangen opplyser at han er svoger til nabo til tiltakshavar. Tilhøvet reknast ikkje å vere så nært at han er ugild i saka, etter forvaltingslova § 6, då korkje Jarle eller svoger kan reknast som part i denne saka.

Vedtak

Styret utsett handsaming av saka til vi har vore på synfaring.

ST 45/22 Søknad om midlar til drift av Folgefonna nasjonalparkstyre - 2023

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

Forvaltar orienterte om bakgrunnen for driftsbudsjett og tiltaksplan og framdrift i revidering av forvaltningsplan. Styreleiar orienterte om at Statsforvaltaren no er i slutfase med å tilsetje ein prosjektstilling som skal arbeide med revidering av forvaltningsplan.

Vedtak

Styret vedtek driftsbudsjett for 2023 og forvaltar sender budsjettforslaget til Miljødirektoratet. Styret vedtak plan for kartleggingar, forvaltningsplan og bevaringsmål og sender søknad til Miljødirektoratet

ST 46/22 Søknad om tiltaksmidlar for 2023 - Folgefonna nasjonalparkstyre

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

Forvaltar orienterte om tiltak som er gjennomførte i 2022 og kva tiltak som er aktuelle i 2023. Det er nokre prosjekt knytt til tilrettelegging og hogst som ikkje er ferdig planlagte enno. Forvaltar hentar inn prisoverslag før søknadsfristen 10. januar 2023 og orienterer styret undervegs.

Vedtak

Styret vedtek framlegg til søknad om tiltaksmiddel. Forvaltar sørgjer for å søkje i rette kanalar før fristen 10. januar 2023

ST 47/22 Planlegging av oppsyn frå Statens naturoppsyn for 2023 - Folgefonna nasjonalparkstyre - 2022

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

SNO ved Rune Mikkelsen orienterte om årets oppsynsverksemd og kva som er behov for i 2023.

Vedtak

Folgefonna nasjonalparkstyre legg inn bestilling av tenester som vist under.

ST 48/22 Referatsaker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

Styreleiar orienterte om dialogmøte med statsforvaltaren i Vestland om status i sak om nydyrking i Hattebergsdalen landskapsvernområde.
Forvaltar orienterte om dei andre referatsakene.

Vedtak

Styret tek referatsakene til vitande.

ST 49/22 Delegerte saker

Saksprotokoll i Folgefonna nasjonalparkstyre - 02.12.2022

Handsaming i møte

Vedtak

Styret tek dei delegerte sakene til vitande.